Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Drikk til maten til kvardags

Oppskr. av: Arne Elven.

(adresse): Fenes

Fylke: Sør-Tröndelag

Herad: Agdenes

Bygdelag:

Gard: Elvar

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjölk.

1. Frå eldre tid har det vore brukt mest surmjölk, tjukkmjölk til drikk og attåt mat. Men frå den tida separatorane kom i bruk – her hos oss frå kring 1915 – har det vorte mindre – eller mesta ikkje noko – sur tjukkmjölk, men hellere „söt" skumma og noko mysila. Det bli brukt hellere mindre mjölk enn fyrr.

2. I den varme slåttonna brukte (bruker) dei blanddrykk, d.e. surmjölk i vatn som tystedrikk.

3. Blanddrikk bli bruka – omlag som fyrr.

Øl.

4. Heimbrygga öl som kvardagsdrykk har ikkje vore brukt her i Agdenes dei siste hundrad år.

Kaffe.

5. Kaffe har vore brukt i lang tid. Når dei tok til med han er ikkje godt å segja, men i allfall frå 1850. Men han var blanda med „knopp" laga av potet og mjöldeig.

6. Ein må vel segja han var kvardagsdrykk frå den nemnde tida, da dei hadde ein sup kvar dag; men han vart sterkare og reinare etterkvart, så frå tida kring 1890 har han vore i fullt og reint bruk til kvardags.

7. No drikk dei kaffe 3–4 gong dagleg.

8. Dette er eit mangetotta spursmål. – Dei koker opp

6118

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vatnet i reinskylla kjel, har dei mole kaffeen nedpå og tek kjelen av, så han ikkje kokes meir. (Kaffeen må ikkje melast for grop, men bli han for fin, er han seinare å klåre). – Så står han da på kjelen nokre minuttar, fyrr dei drikk han. No bruker dei ikkje salt; ikkje eggskal, det har dei aldri brukt her. Dei vil ha kaffeen klår og bruker tildels klåreskinn (fiskró). I sers høgtidsame tilhøve blander dei kaffeen i eggkvite fyrr dei har han på kjelen; men da gjer han mindre av seg. Sume spår i grudde; men berre dei sjølve veit, korleis dei gjer det.

9. Sukker må det vera til kaffe, når det ikkje er framsett mat åttåt, men da til måls er det ikkje sukker. No er det ikkje anna enn „raffinade" – betasukker og „farin" – strøsukker, – ikkje tale om brunsukker eller sukker på annan måte.

10. Vi bruker fløyte i kaffeen. Men det hender ofte, at det er ikkje „fløyte" for handa, da må ein vera nøgd med mjølk eller blanding av fløyte og mjølk. No har serleg kvinfolka likji til å drikke kaffe utan noko i. Ost eller egg har vi ikkje høyrd om i kaffeen.

Te.

11. Te drikk vi ein og annan gong – kanskje eit par tre gong for månaden. [Han vil ha sukker!]
Vi har brukt av tyttebærlyng og nyper, men berre som prøve. Elles er nypa best til syltetøy.

Brennvin.

12. Brennvin har ikkje vore brukt til kvardags. Berre som „festdrykk" til jule og verskap – og til dugnad.
[Eg reknar ikkje med sume som no bruker brennvin jamt og som ein kaller drikkarar].

Nyare drykkar.

13. Øl av ymse sortar, selters, brus o.l. bli ikkje brukt til kvardags, – men berre i nokre tilfelle under festlege tilhøve

6118

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING